

Angående styresak 986/2023: Tenestetilbod i TSB og tilbudet ved Tronvik:

Kjære Helse Førde, ikkje spark dei som allereie ligg nede.

Eg gjekk ved nyttår inn i mitt 34 år som ansett på Tronvik. Eg har difor fleire gonger vore utsett for nedleggingsspøkelset. Eg var ein av dei ansette ved sikkerheitsposten som blei avvikla i 2013. Også den gongen ba vi på våre kne for å drive vidare, men Helse Førde stod fast på at det i følgje folketalet i gamle Sogn og Fjordane ikkje var behov for meir enn 3 sikkerheitsplassar. Dette ser vi i dag, berre 10 år etter at det ikkje er nok. Ja, eg har forståing for at lovverk, behov og utvikling forandrar seg, men det er berre 10 korte år, folk blir sjuke og treng behandling sjølv om lovverket blir endra. Det som no skjer er at Helse Førde må utvide og byggje om for å få plass til sikkerheitspasientane!

No er vi nok ein gong i den situasjonen at Helse Førde vil leggje oss ned. Rus døgn. Den siste posten som er igjen på Tronvik. Ein velfungerande og godt drifta post, der vi tek i mot pasientar frå heile Helse Vest. Pasientane trivast, har god nytte av behandlinga og mange av desse lev i dag eit rusfritt liv. Vi har og ei høgst velutdanna personalgruppe som brenn for å hjelpe desse pasientane.

Eg har sidan 2007, med eit opphald på 4 år vore verneombod. Sidan eg blei flytta til rusposten har eg vore verneombod for denne personalgruppa, og eg kan med handa på hjartet seie at vi er ein samansveisa gjeng, med så og seie ingen konflikhtar. Vi er og ein post med svært lågt sjukefråvær, noko dei årlege kartleggingane våre viser. Vi er ei personalgruppe med lang ansiennitet ved Tronvik, der snittalderen er høg, noko som igjen er eit bevis på trivsel og samhald, dette kjem pasientane våre til gode då det gir tryggleik og stabilitet.

Eg ber om at de tenkjer dykk om ein gong til. Husk dette:

- Pasientgruppa kjem ikkje til å bli mindre, liv kjem til å gå tapt
- Helse Førde kjem til å måtte kjøpe plassar
- Personalgruppa blir oppløyst og Helse Førde kjem til å tape all den gode kompetansen Tronvik sitt personale som gruppe sit på

Eg tippar det kjem til å skje det same som no skjer med sikkerheitspasientane. Vi veit alle at verda slett ikkje blir enklare å leve i. Dette fører til at dei som allereie har det vanskeleg ikkje vil få det lettare.

Så kjære Helse Førde og styremedlem, tenk dykk om. Neste gong kan det vere ein av dine næraste eller faktisk deg sjølv som treng denne hjelpa. Då er det trasig å ikkje ha ein behandlingsplass i vårt nærrområde, der du møter trygge ansette med høg kompetanse som vil hjelpe nettopp deg. Også for pårørande kan det bli vanskeleg å støtte pasienten i behandling om det blir lengre reisevegar.

Atter ein gong: TENK på dei svakaste i samfunnet vårt, og ikkje spark dei som allereie ligg nede!

Med vennleg helsing Laila Hovlandsdal, verneombod rus døgn.

